

Nytt Bu-hus med særpreg



Dette er eit pyramidehus

Det er allereie kalla synagoge, tabernakel, tobiashus og flyplasstårn.

Vi siktar til huset som Ole Vidar Monsen no har fullført på Ytre Eik. Det er det nyaste innslaget i serien av hus som Frode Bu har teikna før han bygde dei. Det er hus med særpreg, Eller kundetilpassa hus, som Frode sjølv helst uttrykker det. Han tek kundane på ålvor då dei gjer det klårt at dei helst ikkje vil ha eit masseprodusert hus.

Tømraren frå Bu i Eidfjord er ein kreativ hus-skapar som no har 8 mann i brødet og med SPAR sm det største projsjektet. 4 av dei er utlendingar - frå Polen og Litauen.



[Tømrar Frode Bu set sitt preg på bygda](#)

Det første huset med eit klårt særpreg han teikna her i bygda var funkishuset - også kalla Kuben - i Skårhaug. Bjørn Olav Tveit og Siren Simoinnes registrerte snart at meiningane var svært delte om huset - nokon kalla det ei fuglekasse medan andre meinte det var eit smykke. Men at familien trivs der er det visst ikkje tvil om.

- Kjært born har mange namn, er Frodes lakoniske kommentar til dei mange merkelappane på husa hans..

Han gjer det klart kva som er det fagleg riktige namn på Monsen-huset. Det er eit pyramidehus.



[Hus med sæpreg i Skårhaug](#)

Hus nummer 2 med sæpreg som han teikna og bygde var torvtak-huset til Tor Ove Rød på Rød.

No skal Frode byggja hus for seg sjølv på den store tomta han eig på Ytre Eik. Og ein skal ikkje sjå bort ifrå at det også blir eit hus med sæpreg.



[Hus med sæpreg på Rød](#)

Også dei andre husa Frode har bygd på området sitt er

spesielle, men kanskje ikkje så spesielle at dei bør få særpregkarakteristikken. Men det kjem nok fleire kundetilpassa hus teikna av Frode Bu. Han gjer bygda spennande også med omsyn til byggeskikken. Kva blir det neste? Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



[Her skal Frode byggja for seg sjølv](#)